

TILDELINGSREGLEMENT FOR KULTURMIDLAR:

Desse reglane vart vedteke i Fedje kommunestyre 03.09.03 - Sak 047/03

1. Kulturmidlar kan delast ut til frivillige lag og organisasjonar som har sitt virke i Fedje kommune, og som driv ein jamn og fast aktivitet. Kulturmidlane skal ikkje gå til einskildpersonar. Ved unntak kan det delast ut midlar til regionale organisasjonar, grunna at medlemsmassepotensialet er så lite at organisasjonen må vera regional. Det er då eit krav at organisasjonen oppgir kor mange medlemmer som finst på Fedje.
2. Organisasjonar som kan vera medlem i ein større organisasjon på Fedje bør søkja midlar gjennom den samlande organisasjonen.
3. Kulturmidlane vert delt ut ein gong i året, primært i juni månad.
4. Tildeling av midlar skjer etter skriftleg søknad. Søknadsskjema vert automatisk sendt til dei laga som mottok stønad året før. Elles vert søknadsfrist lyst ut på dei faste plassane i kommunen.
5. Søknaden skal innehalde følgjande moment:
 - namn på søkjarorganisasjon
 - medlemstal
 - kort rapport om aktiviteten i laget
 - forventa driftsutgifter/inntekter for inneverande år
 - søknadssum
 - kva søknadssummen skal nyttast til
 - oversikt over kva dei tildelte midlane frå året før vart nytta til
 - rekneskap for verksemda i laget året før
6. Lag og organisasjonar som bryt med intensjonen med bruken av dei tildelte midlane, kan vert nullt ved neste års tildeling. Lag og organisasjonar som legg ned aktiviteten det same året dei er vorte tildelt kulturmidlar, kan risikere å måtte tilbakebetale søknadssummen.
7. Ufullstendige søknader vert tilbakesendt.
8. Lag og organisasjonar som mottok kulturmidlar, forpliktar seg til å stille opp på opptil 2 arrangement i året i regi av kulturkontoret eller i arrangement der kulturkontoret er samarbeidspartnar. Dette anten som underhaldningskrefter eller som praktiske medhjelparar. Dei som ikkje føl denne bindinga, får reduksjon ved neste tildeling.
9. Vi ber om at utstyr som høver til utlån og som i hovudsak vert finansiert gjennom kulturmidlar, vert gjort tilgjengeleg for andre lag og organisasjonar dersom det kjem ein førespurnad. Det er aktuelt berre når det kjem i konflikt med bruken av eigaren til utstyret. Lånar har ansvar for utstyret den tida dei disponerer det.
10. Lag / organisasjonar som driv aktivitetar for, eventuelt med, born og ungdom vil verta prioritert.
11. Tilskot frå kulturmidlane skal ikkje gå til lag / organisasjonar som berre driv og / eller leiger ut bygg.